

Innspel til kommuneplanens arealdel

Frå eigarane av gard nr. 460/1, 8 og 12.

Viser til gjeldande arealplan for Radøy kommune der me fekk teikna inn eit område avsett for boligbygging.

Me ønsker med dette høvet å endre på grensene for å gjere området meir eigna til formålet, bl.a. for å samle og få avrenning av kloakk i samme retning som eksisterande hus på garden. Dei grensene som var teikna opp var lite eigna i så måte.

Bygda er tilknytt kommunalt vatn via ein privat leidning så å få tilgang til vatn er ikkje noko problem.

Me har i heile perioden som har gått hatt og framleis har me interessenter som ønsker å kjøpe tomt og bygge seg bolig i området.

Det me ser for oss er at her kan det vere plass til 3 til 4 hus. Området er kupert med små jordflekker innimellan. Huseigarane/tomtane kan få tilgang til jordlapper der me ser for oss at det kan vere aktuelt å legge til rette for dyrking av grønsaker, bærbusker, frukt osv, noko som nok vil verte meir og meir aktuelt framover.

Bygda Halland/Sævdal er i ei positiv utvikling, og om ein del år er det mange som vil kome i etableringsalderen. Om dei då ønskjer å etablere seg i nærområdet er det greit å kunne tilby dei det.

Me ønskjer at boligområdet vert endra etter vårt forslag, og at dei nye grensene som er teikna inn enten vert merka som «til boligformål» eller som «spredt busetnad»! Dersom området sett av til formålet krev reguleringsplan vert det å merke det som «spredt busetnad» kanskje det mest fornuftige.

Om ein ser at vårt innspel treng justeringer så ønsker me å verte kontakta for å kunne gjere det!

Me synes vårt innspel til kommuneplanen støtter opp om kommunen sin visjon om å ta heile kommunen i bruk.

Mvh

Jan Tore Hvidsten, Solendvegen 53, tlf 99237769

Ann-Kristin Mangerøy, Solendvegen 53, tlf 99157524